



NM-LAG 2013

BULLETIN 3



Møre og Romsdal
fylkeskommune



VÅRE SPONSORER

Sunnmørsposten




REDAKTØR | ERLEND SKJETNE

Innhold

Redaktørens hjørne.....	2
Resultat etter dag 2.....	3
Program.....	4
Lagfinalen sett fra langt hold.....	5
Hardt arbeid.....	7
Århundrets skrekkehistorie?.....	8
Opplagt?.....	9
Miraklenes tid.....	10
Miraklenes tid, del 2.....	11
Ganske enkelt pent spela.....	12
Tøffe tak.....	13
Terje Aa i skvisform.....	14

Redaktørens hjørne

Nok ein dag har gått, ein litt hyggelegare dag enn gårdsdagen. For nokre. Spesielt TopBridge, som har teke ei fin leining på 72,97, føre Bodø på 60,17 og Heimdalen på 58,22. Men Heimdalen har enno att å møte TopBridge, i den fyrste kampen i morgon, og dei vil vonarleg ikkje gje seg utan å yte Oslo-laget litt motstand. Min eigen makker, Espen Erichsen, har reist til heim til England for å spela i Lagfinalen der, og verka veldig ivrig på å setja ein sjeldan rekord med to lagfinalegull same helg. Men det blir det altså opp til Livgård – Aa og Helgemo – Grøtheim å hjelpe han med; det er tvilsamt om underteikna får leggje fleire kort denne helga, anna då enn i kabalen på PC-en min, som eg forresten heller aldri lykkest med.



Det er heldigvis andre enn meg som er misnøgde med innsatsen sin i helga. Kristiansand og Bergen har halde fram med å skuffe publikum, sjønt det sikkert er spelarane på laga som er mest skuffa. Eg likte svaret eg fekk frå Jim Høyland då han stod og venta på ei gratis vaffel frå ein durkdriven vaffelsteikjar i arrangementskomiteen, og eg våga meg til å spørja han korleis det hadde gått i den nettopp avslutta halvrunder: “Ikkje noko serleg,” sa han, “eg gjekk beit i eit par kontraktar ... som eg ikkje skulle vore i.” Dette minner meg om eit av mine personlege favorittsitat, Ulf Tundal sine ord då han kom til samanlikning etter å ha spela ein heller laber halvrunder: “Vi har fire katastrofar, tri dårlege og ingenting bra,” sa han som ein introduksjon til lista si. Oppløftande! For ikkje å nemne det klassiske svaret til ein eller annan gubbe i Trøndelag då eg som vanleg, av lutter høflegheit, spurde korleis det hadde gått den kvelden: “Det gjekk bra med meg,” sa han, “men det gjekk ikkje så bra med makkeren min.”

No vel, nok snikksnakk, det er på tide for oss gamle å finne senga og klårgjera hovudet for den siste og avgjerande dagen, som det skal bli interessant å fylgje her på kontoret på hotellrommet. Eg ynskjer lagkameratane mine lykke til, og håper det går så elendig som overhovudet mogleg med alle andre.

Erlend Skjetne,
bulletinansvarleg.
erlend@gammagrafisk.no

Resultat etter dag 2



SPAREBANKEN MØRE

Møre og Romsdal
fylkeskommune

2013-05-09 - 11 NM Lagfinale 2013

[Kampresultat](#) [PBN](#) [Total Butler](#) [...i lagordning](#) [1:1](#) [1:2](#) [2:1](#) [2:2](#) [3:1](#) [3:2](#) [4:1](#) [4:2](#) [5:1](#) [5:2](#) [Mer informasjon](#)

3 lag. Antall runder: 5.

Plass	Lag	Poeng	Navn	Lagsammensetning
1	6	72,97	TopBridge BC	Hantveit - Høyland - Farstad - Aabye - Furunes - Stabell
2	1	60,17	Bodø BK Lyn	Larsen - Åselid - Larsen - Hansen - Lyngen
3	8	58,22	Heimdal BK	Livgård - Aa - Skjetne - Erichsen - Helgemo - Grøtheim
4	2	57,04	Ski BK	Thoresen - Ovesen - Halderaker - Ellestad
5	3	56,02	Nærbø BK	Frøyland - Ueland - Nesdal - Herland - Søliland - Ueland
6	4	37,06	BK Grand	Haram - Hesseberg - Hartvigsen - Remvik - Fidjestøl - Storsten
7	7	36,19	Bergen Akademiske BK	Høyland - Eide - Bakke - Høyland - Fyrn
8	5	24,81	Kristiansand	Kvangraven - Svendsen - Baumann - Stornes - Dahl

Runde: 5

Bord	Lag	Spill	Trpt	1	2	IMP	Poeng
1	8 Heimdal BK	5 Kristiansand	14	46-24	27-39	73-63	12,18 7,82
2	4 BK Grand	6 TopBridge BC	14	26-51	23-26	49-77	4,77 15,23
3	3 Nærbø BK	7 Bergen Akademiske BK	14	49-20	44-48	93-68	14,78 5,22
4	1 Bodø BK Lyn	2 Ski BK	14	3-0/3-0	10-48	60-50/53-57	12,18 9,08

Runde: 6

Bord	Lag	Spill	Poeng
1	6 TopBridge BC	8 Heimdal BK	
2	5 Kristiansand	7 Bergen Akademiske BK	
3	4 BK Grand	1 Bodø BK Lyn	
4	2 Ski BK	3 Nærbø BK	

Runde: 4

Bord		Lag	Spill	1	2	IMP	Poeng	
1	4	BK Grand	8 Heimdal BK	14	21- 9	9-25	30-34	9,08 10,92
2	3	Nærbø BK	5 Kristiansand	14	63-17	37-24	100-41	18,61 1,39
3	2	Ski BK	6 TopBridge BC	14	9-45	26-28	35-73	3,47 16,53
4	7	Bergen Akademiske BK	1 Bodø BK Lyn	14	37- 4	29-38	66-42	14,63 5,37

Runde: 3

Bord	Lag		Spill	1	2	IMP	Poeng
1	8 Heimdal BK	3 Nærbø BK	14	18-37	50- 9	68-46	14,32 5,68
2	2 Ski BK	4 BK Grand	14	49-34	41- 5	90-39	17,92 2,08
3	1 Bodø BK Lyn	5 Kristiansand	14	35-32	63-44	98-76	14,32 5,68
4	6 TopBridge BC	7 Bergen Akademiske BK	14	34-14	51-20	85-34	17,92 2,08

Butler

Plass	Poeng	Navn	Lag	1:1	1:2	2:1	2:2	3:1	3:2	4:1	4:2	5:1	5:2
1	1,14	Jon Egil Furunes - Tolle Stabell	TopBridge BC	0,86	-1,00		2,71	2,36		3,07	-0,57		0,57
2	0,71	Ståle Frøyland - John Helge Herland	Nærbø BK	0,57	1,00	-0,07		0,43		2,64	-0,21	0,64	
3	0,64	Håvard Larsen	Bodø BK Lyn	0,93	1,36	1,57			0,93	-0,93		-1,64	2,29
4	0,55	Glenn Grøtheim - Geir Helgemo	Heimdal BK		1,50	-0,64		-0,43	2,36	-0,50		1,00	0,57
5	0,40	Sam Inge Høyland - Trond Hantveit	TopBridge BC	-0,57		2,21		-1,07	-0,07		1,07	1,36	-0,14
6	0,37	Tarjei Eck Hansen	Bodø BK Lyn			0,07	0,71	1,79	0,57	-1,64	1,71	-1,57	1,29
7	0,29	Jo-Arne Ovesen - Siv Thoresen	Ski BK	0,43	2,00	0,64	0,86	0,93	1,86	-3,07	-1,07	1,64	-1,29
8	0,23	Idar Lyngen	Bodø BK Lyn	0,93	1,36	1,57	1,00	-1,57	0,93	-0,93	-1,43		
9	0,21	Sven-Olai Høyland	Bergen Akademiske BK	-0,43	0,36	-0,14	-0,93	1,07	0,07	1,64	1,43	-0,64	-0,36
10	0,14	Olav Ellestad - Bjørnar Halderaker	Ski BK	1,71	-0,36	-0,64	-1,57	0,79	1,36	0,21	0,57	1,57	-2,29
11	0,14	Jørn Åselid	Bodø BK Lyn	-0,07	-1,50	0,07	0,71	1,79	0,57	-1,64	1,71	-1,57	1,29
12	0,13	Magne Eide	Bergen Akademiske BK	-0,43		-0,14	1,79	1,07	-2,93	1,64		-0,64	0,71
13	0,12	Arve Farstad - Jon Aabye	TopBridge BC		-0,43	-1,29	-0,71		2,93	-0,21		0,43	
14	0,11	Kjell Gaute Fyrus	Bergen Akademiske BK			0,36	-0,93		0,07		1,43		-0,36
15	0,00	Allan Livgård - Terje Aa	Heimdal BK	-0,93		0,64	-0,86		1,14		1,00	0,50	-1,50
	0,00	David Ueland - Tommy Søiland	Nærbø BK			-1,57	-0,71		-1,14	1,36		1,71	0,36
17	-0,04	Arnt Ola Fidjestøl - Jon Terje Storsten	BK Grand			0,86	0,93	-0,93	-1,36	0,50		-0,43	0,14
18	-0,11	Odin S. Svendsen	Kristiansand	-0,79	-0,14		0,71	1,57	-0,57	-1,36	0,21	-0,50	
19	-0,14	Erlend Skjetne - Espen Erichsen	Heimdal BK	0,07	-1,36		1,57	-1,21		-0,21	0,29		
20	-0,21	Nils Kvangraven	Kristiansand	0,14	-0,64	-2,21	0,71	1,57	-0,57	-1,36		-1,00	1,50
21	-0,22	Hallgeir Hartvigsen - Lars-Ove Remvik	BK Grand	0,79	0,64	0,14	-1,79			0,21	-1,00		-0,57
22	-0,30	Daniel Ueland - Are Nesdal	Nærbø BK	-0,86	0,43		-1,00	1,21	-2,36		1,21		-0,71
23	-0,42	Espen Larsen	Bodø BK Lyn	-0,07	-1,50		1,00	-1,57			-1,43	-1,64	2,29
24	-0,65	Erik Dahl	Kristiansand	-0,79	-0,14	-2,21				-2,64	0,21	-0,50	1,50
25	-0,71	Petter Haram - Torstein Hesseberg	BK Grand	-0,14	0,14			-0,79	-1,86		-0,29	-1,36	
26	-0,77	Tor Bakke	Bergen Akademiske BK	-1,71	-2,00	-0,86	1,79	-2,36		0,93	-1,71	-1,71	0,71
27	-0,95	Helge Stornes	Kristiansand		-0,64	1,29	-2,71	-1,79	-0,93		-1,21	-1,00	-0,57
28	-1,05	Karl Christian Baumann	Kristiansand	0,14		1,29	-2,71	-1,79	-0,93	-2,64	-1,21		-0,57
29	-1,54	Jim Høyland	Bergen Akademiske BK	-1,71	-2,00	-0,86		-2,36	-2,93	0,93	-1,71	-1,71	

Pris for beste spill og journalistpris

Tradisjonen tro blir det utdelt en pris for beste spill under Lagfinalen, og en journalistpris til den som skriver om spillet i bulletinen. Alle kandidattekster må være levert bulletinen senest lørdag kl. 19.15.

Premien for beste spill er kr. 1000, gitt av arrangørklubben BK Grand.

Journalistprisen er samme beløp, og blir gitt av Norsk Bridgepresse.

Program

<i>Lørdag 11. mai</i>	
Kamp 6-1	10.00.-11.55.
TopBridge BC	Heimdal
Kristiansand	Bergen Akademiske BK
BKGrand	Bodø BK Lyn
Ski BK	Nærbø BK
Kamp 6-2	12.05.-14.00.
Lunch	14.00.-15.00.
Kamp 7-1	15.00.-16.55.
Heimdal	Bergen Akademiske BK
TopBridge BC	Bodø BK Lyn
Kristiansand	Ski BK
Nærbø BK	BK Grand
Kamp 7-2	17.05.-19.00.
Bankett med premieutdeling	ca.20.30.

Informasjon om banketten

Alle spillere er påmeldt bankett på Hotell Scandic ca. klokka 20.30 lørdag kveld. En maxitaxi vil kjøre fra spillehotellet så mange ganger som det er behov for; første avgang 19.45.

Det blir premieutdeling ved visepresident Per Watz, og prisen for beste spill skal også deles ut. Trerettens middag er betalt for alle spillere, men drikke må kjøpes for egen regning.

Velkommen!

Lagfinalen sett fra langt hold

av GeO Tislevoll, Auckland, New Zealand

I bulletin 1 ble min gamle makker fra sent 70-tall og tidlig 80-tall, Tarjei Eck Hansen, omtalt. Hans Bodø BK Lyn startet fint i lagfinalen, og i andre kamp kom en frisk slem, en av Eck'ens spesialiteter. Dere som leser dette og ikke har sett spillet (eller de av dere som enten har spilt eller sett spillet, men ikke har så veldig god hukommelse) kan ta det som et utspillsproblem.



♠10873
♥KJ863
♦94
♣103

Du sitter altså vest. Åselid (nord) åpnet med en sterk grand, Stayman fra syd, og over 2 ruter (ingen major) meldte syd 3 kløver naturlig, nord 3 ruter, og syd 3 spar. Idet nord nå løftet til 4 spar gikk syd på med 4 grand fulgt av 6 spar (nord viste tre Key Cards). Hva ville du spilt ut nå? Vest valgte et nokså merkelig kløverutspill, og det ble helt feil:

♠A94
♥104
♦AQJ1062
♣A8

♠10873	♠52
♥KJ863	♥A9752
♦94	♦873
♣103	♣Q95

♠KQJ6
♥Q
♦K5
♣KJ7642

Toppkontrakten er 6 ruter som kanskje bør finnes om nord åpner med 1 ruter og hopper i ruter neste gang, Også 6 kløver står på at kløverfargen er uten taper. I 6 spar med kløver ut var det tretten stikk, og Bodø vant hele 14 IMP da N/S ved det andre bordet gikk bet i 3 grand etter hjerterutspill. Med forbehold om at jeg ikke har fått bekreftet at N/S sine meldinger på tre-trinnet er naturlig, må det nok kunne sies at kløverutspillet ikke får særlig støtte.

10. mai 2013

Kommentatoren på BBO var temmelig ironisk da han sa vest var på toalettet idet N/S meldte. Uforskammet fyr, kanskje, men han fulgte pent opp med å si at vest kanskje hadde lest kommentatorens egen bok om utspill, inneholdende tips som medfører i snitt to stikk for lite til forsvaret.

Med hjerter ut mot 6 spar blir det trøbbel. Syd må stjele andre gang og er kortere enn vest i trumf. Det ser ut til å være muligheter med åpne kort om det spilles eksakt to runder trumf, så kløver med finesse og mer kløver. Hvis vest setter i en trumf trumfes over, ruter til kongen og uttrumfing, tretten stikk. Men vest trumfer ikke så tidlig, han kaster ruterne sine først og trumfer etterpå. Da kommer ikke spillefører seg over til syd for å trumfe ut. Spilles det på 3-3 i spar blir det fire bet og 6 IMP andre veien, en 20-imps sving i kampen som Nærbø tapte med 38 IMP.



Tarjei Eck Hansen

Ingen par i lagfinalen fant frem til den glimrende kontrakten 6 ruter, og det tyder vel på at 1 grand var en (litt for?) populær åpningsmelding. Foruten den spreke 6 spar-kontrakten var tre andre par i slem, alle i 6 kløver som ble vunnet.

Fredag morgen var det fredag kveld her hos oss i New Zealand, så jeg gikk dessverre glipp av den første kampen (runde 3). Men tilbake på kontoret mitt ble neste kamp fulgt med argusøyne. Den store skuffelsen er nok Kristiansand BK som ikke har fått til mye så langt. Det ser imidlertid ut som om TopBridge har fått et klart grep om det hele, men idet min "deadline" nærmer seg er det langt ifra opplagt hvordan dette vil utvikle seg. Men Heimdal ser akkurat nå ut til å slite mot arrangørklubben Grand BK, så fredag ettermiddag er det TopBridge som har overtaket.

Igjen, GeO vil logge seg på internett og være spent, og det er fortsatt neppe noe som er helt sikkert i denne turneringen. Dere som leser bulletinen vet nok mer.

GeO,
bridgegeo@gmail.com

(Merknad: Også etter 1 grand i opning skal det vera greitt å finne 6 ruter i det nemnde spelet, om nord tenkjer litt praktisk og hoppar til 3 ruter over Stayman, ei svært god skildring av handa. Underteikna melde òg berre 2 ruter, landa i 5 kløver og fekk med rette så hatten passa av makker.

Det dukka opp eit tilsvarande spel i femte kamp: Grandopninga der var A10x, KJ, AQ98xx, Qx. Svarar ein 3 ruter på makkers Stayman, blir det enkelt for han å melde ruterslem med xx, A108x, Kx, AK9xx – storeslem var faktisk glimrande. Men på alle åtte bord var kontrakten 3 grand med 13 stikk. Red.)

Hardt arbeid

Av Leif Juvik

♠K986
♥AJ108
♦73
♣1092

♠QJ105 ♠A74
♥KQ4 ♥7653
♦QJ82 ♦104
♣87 ♣QJ43

♠32
♥92
♦AK965
♣AK65



Sam Inge Høyland

Spelet over er frå kampen mellom TopBridge og Grand. Sam Inge Høyland i syd kom i 2 ruter etter å ha opna 1 ruter, gjenmeldt 2 kløver over 1 hjarter og fått preferanse til ruter. Han måtte verkeleg jobbe for å få heim denne kontrakten.

Vest starta med spar dame som fekk segla rundt. Neste spar blei stukke med konge og ess, og tredje sparrunde frå aust blei stolen av speleførar.

Hjarter ni fulgte – vest dekkja med honnør som fekk behalda stikken. Vest fortsatte med liten hjarter, og Høyland gjekk i boks. Etter ein god tenkepause kom hjarter ti frå bordet.

Resten no var planke for Sam Inge. Hjarter ess felte hjarter konge i vest og på hjarter knekt forsvann siste kløvertaperen frå handa. Vest kunne stela denne, men det var eit orginalstikk.

Spelet gjekk ut då syd spelte heim 2 kløver på det andre bordet.

Århundrets skrekkehistorie?

Eg var ikkje komen langt ned i kaffikoppen før tevlingsleiar Terje Lie kom springande til frukostbordet mitt for å fortelja det han presenterte som “århundrets skrekkehistorie”. *Som om det ikkje var skrekkehistorier nok i går*, tenkte eg, men denne var unekteleg litt ekstra god.

Gjevar nord, alle i sona.

♠Q3
♥J1065
♦5
♣AKQ952

♠986	♠AJ107
♥82	♥K3
♦J1074	♦A8632
♣8763	♣J4

♠K542
♥AQ974
♦KQ9
♣10

Nord opna 1 kløver, aust valde å melde inn 1 spar, sør sa 2 hjarter og nord 4 hjarter, greitt nok, sjølv om ein splinter kanskje hadde vore å føretrekkje. Sør valde knallhardt å gå vidare med 4 spar, og nord hadde vel ein ganske opplagt Blackwood. Han fekk eitt eller fire ess hjå makker, 5 ruter, og må ha trudd det var fire han hadde, for han sa 5 spar, spørsmål etter trumfdama. Den valde aust å doble, endå han vitterleg hadde meldt inn 1 spar. Sør sa 6 hjarter – viste det dama? Han hadde henne jo. Men nord kan ikkje ha trudd det, for han passa 6 hjarter endå han openbert trudde dei hadde alle fem essa under kontroll. No bestemte aust seg for å gjera dette litt spennande, då han dobla på nytt. Kva tyder så dét? Ein spelar naturlegvis med lightnerdoblingar i denne situasjonen, som her vil indikere kløver ut, men gjeld det etter at ein fyrst har dobla 5 spar, i eit meldingsforlaup der motparten heilt openbert er på veg til hjarterslem? Er reglane så rigide at ein ikkje skal få lov til å doble ein slem ein trur kan vera fleire beit, fordi ein ved å gjera det alltid bed om eit kryptisk utspel? Her trudde kanskje aust det var beit uansett utspel?

Då det kom ein kløver var det ikkje lenger det. “Men det blir verre,” sa Terje Lie: Speleførar stakk med esset og drog hjarter knekt og ny hjarter til esset. Han trong hjarteren 2-2, for no måtte han jo inn igjen i bordet på ein tredje trumf for å prøve og hente kløveren. Knekten fall i andre runde og alt var frygd og gammen ... bortsett frå at speleførar, etter òg ha teke kløver dame, plutseleg claima ei beit! Han må ha gløymd at han sjølv hadde tiaren singel.

Alt er riktig nok ikkje heilt svart i denne historia: Det må vera lov til å seia at sluttresultatet, 200 aust – vest, i det minste var noko lunde rettferdig.

Opplagt?

I serien “Helgemo har fasiten” handlar det denne gongen om psykologi. No er det ikkje mange sidan Freud som har trudd på fasitar innan psykologifaget, men kanskje fanst det faktisk ein her?

♠853
♥Q10863
♦7
♣AKQ8

♠QJ7	♠10642
♥9542	♥J7
♦A8	♦J5432
♣J543	♣92

♠AK9
♥AK
♦KQ1096
♣1076



Glenn Grøtheim


Glenn Grøtheim i sør opna 2 kløver, for å vise handa si som ein 20-21-grand over makkerens 2 ruter. Helgemo overførde til hjarter og sa så 4 kløver, naturleg. Det skal seiast at Grøtheim nok burde slått av i 4 grand no, med berre fem kort i makkers fargar, men han sa 4 ruter, kontrollmelding. Helgemo hoppa til 6 kløver, ein tvilsam, men interessant kontrakt.

Vest spela ruter ess ut – og skifta deretter spar dame. Er ikkje dét ganske suspekt? 2 grand-opnaren har kontrollmeldt ruter og har kongen der, så all den tid vest har dame, knekt i spar er det eit merkeleg val å ikkje spela ein av dei ut ... om han då ikkje, som no, trur han sit på eit trumfstikk. “Æ hadd seila kløvertier’n,” erklærte Helgemo, og det er vanskeleg ikkje å tru på han. Om vest er synsk nok til å dekkje tiaren er det fort gjort å spela han for niaren òg, men i praksis legg han jo liten på kløver ti. Grøtheim valde å spela ess og konge i kløver fyrst, og hadde vel framleis sjansen då niaren ramla ...? Jo, men han avblokkerte ikkje kløver ti under den andre kløverhonnøren, og hadde dimed ikkje kommunikasjon til å spela på anna enn kløveren 3-3.

Miraklenes tid

... er visst enno ikkje forbi. Det har denne Lagfinalen gjeve fleire gode døme på, til dømes fylgjande spel frå TopBridge sitt oppgjer mot Bergen. Jon-Egil Furunes var temmeleg åleine om å vinne 3 grand på desse korta.

♠K1074	
♥64	
♦K765	
♣A102	
♠82	♠QJ96
♥KJ104	♥985
♦Q1084	♦93
♣K54	♣Q985
♠A53	
♥AQ73	
♦AJ2	
♣J63	



Jon-Egil Furunes

Etter grandopning og ein Stayman-sekvens skulle Furunes, som alle andre i salen, spela 3 grand i sør. Han fekk ruter ut til knekten, det var eitt ekstra stikk, men det er langt til det niande enno. Han byrja med å dukke ein spar; aust kom inn og skifte hjarter ni. Den fekk han for, så hjarter åtte, også dukka, til hjarter ti i vest. Han hadde nok tenkt å skifte farge, men før han rakk å gjera det, hadde makkeren hans spela hjarter fem – endå han altså ikkje var inne. Tevlingsleiar vart påkalla, og Furunes fekk sjansen til å krevja ein hjarter frå vest. Det gav endå eit ekstrastikk, hjarter dame, og så var det berre å spela kløver til tiaren, og etterpå skvise vest i minorfargane.

Miraklenes tid, del 2

På fylgjande spel noterte TopBridge heile 15 IMP i kampen sin mot Grand. Det var to gladspele som ramla oppå kvarandre.

♠43
♥82
♦K108
♣A108654

♠KJ9872	♠-
♥J54	♥107
♦QJ7	♦A9652
♣9	♣KQJ732

♠AQ1065
♥AKQ963
♦43
♣-

På baa bord opna aust 1 kløver, sør sa 2 kløver som baa major, og over 2 ruter i nord som bad sør velja major, hoppa baa sørspelarane til 4 hjarter. Jon Aabye i vest såg at dette neppe sat noko serleg for speleførar, og dobla. Det gjekk kløver ut til esset med ruteravkast (faktisk er det mogleg at kontrakten teoretisk kan vinnast om ein i staden kastar spar). Så ein spar, stole i aust. Derifrå kom no kløver dame, sør stal, vest stal over, og nokre straksar seinare var speleførar to beit, 500 ut.

Sam Inge Høyland vart ikkje dobla i 4 hjarter, men også han fekk kløver ut til esset og ruteravkast og spela spar, trumfa i aust. Men kløver konge stal ikkje Høyland, han kasta den andre ruter sin. No er det jo ingen grunn for aust til å spela anna enn meir kløver. Men han prøvde å ta for ruter ess; det skulle han så absolutt ikkje gjort. Høyland stal og såg ein vinnarsjanse: Han tok berre éin stor trumf, så spela han spar ess og spar til steling. Aust kunne ikkje stela over, så ruter konge gav eit sparavkast. Så fylgde ruter, naturlegvis ikkje kløver, til steling. Det gjekk også bra, så omsider ut med trumfen, og alt vest fekk for var spar konge.

Eit mirakel av bibelske proporsjonar.

Ganske enkelt pent spela

Det har handla mest om egg i denne bulletinen, og dei har det sanneleg min hatt vore mange av i denne tevlinga, sikkert ikkje fordi folk er dårlegare enn før, men fordi bridgen er og blir eit komplisert spel fullt av snarer og fallgruver. Ergo kjem mange gode spel fordi motparten rett og slett gjer noko dumt, men det gjorde ikkje Jon-Egil Furunes og Tolle Stabell i fylgjande spel, dei vart ganske enkelt offer for ei aktuell og god speleføring.

♠1063	
♥K109	
♦7532	
♣K32	
♠5	♠QJ874
♥Q5	♥864
♦KJ10984	♦A6
♣A1054	♣Q97
♠AK92	
♥AJ732	
♦Q	
♣J86	



Lars-Ove Remvik

Lars-Ove Remvik for arrangørklubben Grand sat sør i dette spelet frå andre halvdel av femte kamp. Han opna 1 hjarter og høyrde 2 ruter inn frå Jon-Egil Furunes, 2 hjarter frå makker og 2 spar. No sa han 3 ruter, truleg kortfargeinvitt, og fekk 4 hjarter frå makkeren. Singel spar ut gjekk til knekten og esset, og Remvik heldt fram med hjarter til tiaren – fyrste føresetnad for å lykkast var jo å finne dama. No tok han også hjarter konge, noterte seg at dama fall, og spela spar til kutt. Det gjekk bra, vest hadde ingen trumf att. Etter spar konge og spar til steling, var det berre å spela ruter og stela sparen som kom attende, trekkje aust sin siste trumf og prøve kløver mot kongen. Då det også ordna seg var 420 i hus, ingen dårleg score med 21 kombinerte honnørpoeng og åttekortstilpass. På det andre bordet var kontrakten 3 hjarter med ni stikk, og i heile salen var det ingen andre som vann 4 hjarter.

Tøffe tak

Geir Helgemo trudde han hadde eit godt resultat på blokka i fylgjande spel frå Heimdals oppgjer med Kristiansand i femte runde. Så feil kan ein ta.

♠AQ8
♥AQJ976
♦KQ
♣A6

♠K1042	♠J975
♥K105	♥43
♦J53	♦87
♣K105	♣QJ972

♠63
♥82
♦A109642
♣843



Erik Dahl

Helgemo sat i sør, og i gunstig sone valde han å opna 3 ruter, ei fornuftig avgjerd i mine augo. Glenn Grøtheim kunne ha kontrollmeldt 4 kløver no, men innsåg at det neppe var ein god idé å hjelpe motparten med utspelet her, så han klaska berre 6 ruter. 4 kløver hadde nok vorte dobla, og med kløver ut står det berre elleve stikk, så meldinga var fin. Valet av ein trumf ut er det likevel vanskeleg å ha sympati for etter dette meldingsforlaupet, men no vel – 6 ruter gav 920.

På alle andre bord i salen var kontrakten 4 hjarter – bortsett frå på eitt, det var mot Terje Aa og Allan Livgård. Erik Dahl i sør opna veike 2 ruter, og Nils Kåre Kvangraven melde 2 hjarter som krav. Dahl slo av i 3 ruter, men Kvangraven melde likevel Blackwood og fekk eit ess, og innsåg vel at dette kanskje fort var eit slikt 5- eller 7-spel, der ein like gjerne kan vera i 7 som i 6 ... riktig nok gjeve at forsvaret finn utspelet. 7 ruter vart meldt, og så skulle Terje Aa spela ut. Hjarter er naturlegvis utelukka. Trumf er det normale mot storeslemmar, men Aa tenkte forståeleg nok at det kanskje var greitt å få banka vekk eit inntak frå bordet der den gode hjarteren ligg. Diverre fall valet på ein spar og ikkje ein kløver. Erik Dahl måtte berre knipe att augo og ta sparkappen, spela konge, dame i ruter, kløver ess og kløver til steling, ruter ess og hjarter til kutt. 1440!

Terje Aa i skvisform

Av Allan Livgård

Mye har gått galt i denne turneringa (bare spør Nils Kåre Kvangraven om det står storeslem), men i dette spillet var Terje Aa i skvisform.

♠9864
♥J8
♦QJ106
♣963

♠QJ105	♠AK32
♥KQ65	♥A42
♦32	♦9875
♣1075	♣AQ

♠7
♥10973
♦AK4
♣KJ842



Terje Aa

Etter 1 NT i øst og Stayman var planen å invitere til utgang, men da David Ueland etter 2 spar fra Terje meldte seg på med en opplysende dobling, måtte vi se det litt an – jeg redoblet. Men da nord sa 3 ruter var ikke straffedobling så interessant lenger, så jeg meldte 3 spar og Terje løftet til utgang.

Kontrakten ser ut til å henge på at man får stjålet to ruter i bordet, men doblingen har også advart om at det kan sitte skjevt. Det kom ruter ess ut til liten og styrke. David var flink og spilte liten ruter til damen hos makker. Kløverskiften gikk til damen og kongen, og ny kløver til esset. Om man prøver å stjele to ruter i bordet, kommer man seg ikke hjem for å ta ut trumfen om den sitter 4-1. Man må da stjele en kløver og får en trumftaper til slutt. Terje spilte nå en ruter til trumf og tok for spar dame og knekt. Det bekreftet at trumfen satt 4-1, og da måtte det en skvis til: Hjerter til esset og ytterligere to runder trumf satte David i kattepine, han kunne umulig holde knekten fjerde i hjerter og kløver knekt.

Da kontrakten bare var 3 spar på det andre bordet, ble det en fin utgangssving til Terje Aa. “Hesten,” sa David Ueland.